Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Forsand

Emne: Bordskikk til kvardags

Bygdelag: Øvre Espedal

Oppskr. av: M. G. Mikkelson

Gard: Øvre Espedal

(adresse): Helle i Høgsfjord

G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. So langt attende som eg kjenner og her høyrt segn om det sat heile huslyden ved same bordet inne i stova og åt. Det var ingen skilnad på eldre born eller tenarar.

2. Ja, og soleis er det ennå

3. Frå gamalt av her det ikkje vore brúka å eta på kjøkken. Det er vel berre no dei siste 20-30 åri det her kome ibrúk, og det er ingen skilnad mellom gardsfolket sjølv og tenarar.

4. Det er ingen skilnad på maten. Gardsfolket og tenarne her altid ete ved same bord og same mat.

5. Det er ved bordet i stova at folket held seg med maten, no dei siste kan det sumardag vera brúkt å eta på kjøkken.

6. Som svar 5.

7. Alle hadde sine faste plassar ved bordet. Noko høgste eller lågste var det ikkje

8. Kjenner ikkje til det

9. Noko nemningar med rang ved bordet er det ikkje no; men i fyrre hundradåret og då tala dei om „Høgstolsenden", og om

6704

nedre enden med bordet

10. Ingen taler om rangsplassen ved bordet idag.

11. Nei, dei var nok ikkje so nøye på med å vaska hendene før dei gjekk til bords og åt, men hatt eller hua vart altid hengt på veg ute i gangen på ein knagg

12. Når det var matmål, og graut, vart grautefatet, frå gamalt eit fat av tre (Her i heimen min hev me eit grautefat av tre: bjørk, det tek vel 7-8 liter, det er vel frå kring 1850, far min fortalt at han mor ein gong hadde ete graut or det fatet). Dette fatet vart sett på bordet, og so fekk kvar av dei som var med tilbord si skål av tre, so halvfyllt med søt mjølk, og so var det kvar si skjei, sume var av horn (verhorn) eller so var det treskjeier. So tok kvar med si skjei den graut i fatet og hadde ojen i skåli og åt or denne.

Denne framgangsmåten ved grauteting er mest den same idag, med berre den skilnad at grautefatet er vorte av steintøy det same og med skålene, skjeiene er no for det mest av aluminium eller sylv Og so er det ei serskild skjei i grautefatet.

13. Gryta sette dei ikkje på bordet, men steikjepannemen og på ein panneving der var sett saman av mange små knottar der såg soleis ut:




14. Når ein åt fisk, kjøt og flest var det vanlig å gjera „bede" ved å ha kjøt og fisket millom brødmålar. Denne bruken er det no slutt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med

15. Ja.

16. Ja.

17. Kan ikkje seggja det, men kom truleg i nokolunde alment bruk kring år 1900. Soleis går ei herme etter ein som livde ved 1885 åri og som hadde vore i Stavanger „Me hadde så grüseligt jestato, at me spiste med gaffla". So på den tid var vel ikkje gaffelen brukt her.

18. Um mennene brukte tolekniven i gamal tid kan eg ikkje seggja, men det er nokkje truleg. Men eg veit at farmor mi som var fødd 1817 fortalt at dei bruka bordknivar som far hennar laga av ljåsbrot. Men etter denne herma er det lite truleg at alle hadde knivar, for barna kunde seggja: „Far på låna fasbråde ditt!", då tok han opp att: „fåsbråde" han lika ikkje at dei sa „jasbråde" han vilde barna skulde seggja „Knivan"

19. Ja dei hev nok hatt kvar si skjei, den var vel for det meste laga av tre, og apal suraapal var godt skjei-emne, og so var det hornskjeier, laga av veralhorn, det

20 kan eg ikkje seggja [Talerkar av steintøy hev dei vel bruka sidan 1870 åri, fyr den tid bruka dei å leggja maten på flatbrødmolar. Træfat vart etterkvart bytt ut med steintyfat.

~~19. Kvar hadde si skjei~~

21. Nei, bordduk vart ikkje bruka til kvardags det var kvitskura trebord. Men duken hev vore kjend lenge, alt fyre 1700 tale var lin duken kjend. Ikkje den dag idag er det vanlig å bruka duk, men berre ved meir høgtidelige stunder og ved søn og helgedagar. Duken vart teken burt mellom matmåli

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6704

22. No er voksdûk vanligt brukt kvar dag.
23. Det hev vore so at kvar og ein kunde ta av felles fatet det han trong. Men var det so at det var lite av eit matslag, men so at alle skulde få smaka, so „Tiggla" husmori det so til, at kvar og ein fekk ein del
24. Til vanligt var det ingen tiggling av maten
25. Svar trengst ikkj;
26. Svar trengst ikkj;
27. Det var nok vanligt i gamal tid, då brödet var meir hardt at maten vart toggen åt småborna, men det er nok ikkj bruka etter år 1900.
28. Det er vanligt den dag idag at det vert lese ei bön före og etter maten, i meir högtid. same stunder vert bordböni sungi. Vert böni lesi högt er det helst husmori eller foren, ialfal når borna er små og skal lera den
29. Det hev vist altid vore vanligt å snakka men dei åt
30. Til småkunde og sümt som vert fortalt var det altid vanligt å le
31. Det var usomeligt å syngja og stöja når ein sat ved bordet
32. Det hev altid halden for god bordskikk at ingen gjekk frå bordet fö alle var ferdige
33. Nei.
34. För sa dei: „Gud segne maden!" no er det helst om det vert sagt noko „Velbekomme dakke!"

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6704

35. Kom ein meir langfarande slekting og kjenning
tilgards var det altid god skikk å be han tilbords til mat med det same.

36. Ja viss det var ein som nemt i 35

37. Det kunde vera som det falt seg det, var
det ein som kom langvegrs skulde han altid
ha mat.

38. Det var det vanlige at det vart traktert med
kaffi og brødmat. Nei, kjelen stod ikkje var

39. Ein framand gjest åt altid inne i stova
saman med huslyden.

40. Nei.

41. Det var altid god skikk at når ein framand
sat og åt at ein av husfolket sat inne
og heldt han med samtale

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6704